
Fra: Bjørn Atle Drange <bad@abo-ark.no>
Sendt: 27. juni 2016 14:59
Til: Postmottak Meland
Kopi: Anny Bastesen
Emne: Øvre Holbergstien / Holmemarka Aust - Avklaringsmøte

Til Anny Bastesen

Som du sikkert kjenner til, er ABO engasjert til utarbeiding av detaljreguleringsplan for Holmemarka Aust. Vi har hatt mange rundar med sakshansamaren i kommunen Anne-Lise Næs Olsen som vi veit har slutta i Meland kommune. Vi treng ein gjennomgang med deg etter Næs Olsen si siste tilbakemelding på innlevert materiell. Ein del av punkta som ho peikar på, er feil og manglar som vi må ta ansvaret for; mens andre punkt er vi ikkje einige i og må avklarast nærare før dokumenta blir endelege ferdigstilte frå vår side.

Vi skjønner du har det travelt i denne tida når du står utan sakshansamar, men vonar likevel at du har tid til å treffe oss i eit møte på rådhuset i Frekhaug før ferien. Dei av oss som har med denne saka å gjere går på ferie den 08.07. Vi vonar du kan finne eit tidspunkt som høver før den 08.07. Frå vår side møter det 2 stk pluss tiltakshavar og din tidlegare kollega i Bergen kommune, Trygve Sæle.

Vonar å høyre frå deg snart. Ring meg gjerne om det er lettast.

Med venleg helsing
ABO Plan & Arkitektur
Bjørn-Atle Drange
Tlf.: 920 68 841